

**Sund Venstre**



**Levande grender  
og gode lokale  
arbeidsplassar**

**VENSTRE**  
Folk først.





Elizabeth Toft Erichsen, 1.kandidat i Sund  
og 4. kandidat til fylkestinget

Anne-Beth Njærheim,  
fylkesordførarkandidat

# Eit framtidsetta Sund.

*Saman skal vi gjere Sund  
til ein god stad å bu og  
ønskje velkomne dei som  
vil etablere seg her.*

[venstre.no/sund](https://venstre.no/sund)  
[facebook.com/sundvenstre](https://facebook.com/sundvenstre)

## Menneske viktigare enn system

Venstre er eit sosialliberalt parti som set individet i sentrum og legg vekt på fellesskapet sitt ansvar for dei svakaste i samfunnet.

Varm velferd handlar om mennesket, både det som gir omsorg og det som får pleie, ikkje om stykkprisfinansiering og helseverksemd.

Vi snakkar om læraren og eleven når andre fokuserer på rundskriv, regler og bygningar. Vi løftar frem gründeren når andre snakkar om verkemiddelapparat.

Vi meiner at miljø og kultur er grunnleggjande område for mennesket sin vekst og trivsel.

## Vi tek dei tøffe vala

For Sund Venstre handlar politikk om å prioritere, ta tøffe val og sørge for at kommunen til ein kvar tid leverer og opererer innafor dei midlane vi har til rådvelde. Når vala skal takast vil vi alltid prioritere folk først!

### Venstre vil:

- ✓ jobba for eit betre kollektivtilbod i, og til kommunen
- ✓ nytte meir av kulturmidlane der kultur vert skapt
- ✓ kjempa for å behalda den vidaregåande skulen
- ✓ arbeide for kontinuerleg ferje/skyssebåt Klokkarvik-Hjellestad
- ✓ gjere Sund til friluftskommune

## Venstre har tru på framtida

Eit av dei tøffe vala som skal takast i neste periode, er avgjerd om kommunesamanslåing. Sund Venstre meiner at det viktigaste med ein ny kommunestruktur er å gi innbyggjarane betre og meir effektive tenester.

Vi skal sørge for at miljøperspektivet er i fokus i heile prosessen og vi vil jobba for dei beste avtalane for innbyggjarane i dagens Sund.

### Venstre vil:

- ✓ jobba for at det blir attraktivt å etablere nye arbeidsplassar i kommunen
- ✓ sjå om det er mogeleg med ein senketunnel mellom Bjelkarøy og fastlandet
- ✓ fjerne sitkagranskogen slik at lokale artar får vekse

# Eit nyskapande Hordaland.

## Venstre óg på fylkestinget

Hordaland må møte framtida som ein del av ein konkurransedyktig folkevald vestlandsregion. For Venstre er det å skapa ein region som er leiande på miljø, nyskaping, kultur & idrett, og som gir alle ein førsteklasses skolegang det viktigaste i denne perioden.

Venstre vil vere ein støttespelar for at Hordaland skal bli leiande innan næringsutvikling i Noreg. Me ønskjer ei næringsutvikling der marin kompetanse og grøn vekst er to nøkkelord. Reiseliv og landbruk skal vidareutviklast som viktige næringer.

Venstre vil arbeida for ei langsiktig kultursatsing i samarbeid med kommunane, kunst- og kulturinstitusjonane og organisasjonar innan idrett- og friluftsliv.

### Venstre vil:

- ✓ byggja fleire gang- og sykkelvegar i Hordaland
- ✓ satsa på grøn vekst og næringsutvikling
- ✓ ha individuell tilrettelegging for å redusere fråfallet i VGS



# Venstres kandidatar i Sund



**1. Elizabeth Toft Erichsen**  
(f. 1984) Steinsland

*Eg gler meg til å ønske folk velkomne til ein vakker og veldreven kommune.*



**2. Karsten Kleppe** (f. 1974)  
Kleppe

*Meir av kulturmidlane må brukast der kulturen vert skapt.*



**3. Sigrun Søyland** (f. 1987)  
Telavåg

*Kommunen er tent med ein god skule med dyktige lærarar.*

- 4. Ronald Slettebakken**  
(f. 1950), Klokkarvik
- 5. Pia Kleppe Marken**  
(f. 1972), Kleppe
- 6. Vegard Sælensminde**  
(f. 1975), Klokkarvik
- 7. Hans Golten**  
(f. 1949), Skogsvåg
- 8. Ellen Pedersen**  
(f. 1955), Glesvær
- 9. Agnar Kåre Steinsland**  
(f. 1973), Kleppe
- 10. Kari Østervold Toft**  
(f. 1955), Steinsland
- 11. Jarle Sælensminde**  
(f. 1944), Klokkarvik

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på våre nettsider.

[sund.venstre.no](http://sund.venstre.no)

# Hordaland Venstre si fylkestingsliste

- 1. Anne Beth Njærheim, Bømlo**
- 2. Geir Kjell Andersland, Bergen**
- 3. Geir Angeltveit, Stord**
- 4. Elizabeth Toft Erichsen, Sund**
- 5. Torstein Gunnarson, Voss**
6. Ingrid Handeland, Kvinnherad
7. Tove Kristin Sleire Tistel, Masfjorden
8. Bjørnar Hamre, Bergen
9. Marit Helen Leirheim, Askøy
10. Anne Marit Buer, Odda
11. Arild Heggland, Fusa
12. Trude Sletteland, Bergen
13. Kevin Johnsen, Bergen
14. Beate Seveline Eknes, Meland
15. Bjørn Magne Hufthammer, Austevoll
16. Ingebjørg Winjum, Granvin
17. Tore Turøy, Fjell
18. Olav Garvik, Bergen
19. Leif Arne Løvereide, Etne
20. Merethe Gauden, Kvam
21. Jon Sivert Sundøy Rykkel, Os
22. Grete Line Simonsen, Bergen
23. Petter Sexe Ulriksen, Ullensvang
24. Åsta Årøen, Bergen
25. Frode Hervik, Radøy
27. Torstein Hatlevik, Tysnes
28. Ingrid Sponheim, Ulvik
- ...



**VENSTRE**